

Nordhordland Indremisjon
Holtermandsvegen 3
5918 Frekhaug

Frekhaug 040714

Meland Kommune
Plan, utbygging, kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

KLAGE PÅ VEDTAK

Vi viser til brev mottatt 160614 ang. vedtak i sak 151/2014 om arealoverføring mellom gnr 23/1 og 23/325. Som eigarar av 23/1 vil vi klaga på dette vedtaket saman med eigarane av 23/325.

Det er dei noverande eigarane av bruk 325 som har tatt kontakt med oss med ønskje om å få kjøpa det omsøkte arealet som tillegg til sin eigedom. Då dei overtok eigedomen sommaren 2013 fekk dei opplyst at plenen som alle trur høyrer til eigedomen er eigd av Nordhordland Indremisjon. På kommuneplanen er dette området merka gult, altså bustadområde, noko også kommunen viser til i sitt svar. Området nedanfor er friluftsområde. Dei tok så kontakt med oss med ønskje om å kjøpa denne delen av vår tomt. Vi informerte om at vi hadde fått avslag på å skilja dette ut som eigen bustadtomt, men har gjort vedtak om å selja denne delen dersom det vart gjeve løyve til det. Ein viktig grunn for dette er også at huset på bruk 325 ligg heilt på grensa til vår eigedom. Dette gjer det sjølvstendig vanskeleg på ulike måtar for dei nye eigarane, og gjer også at denne plendelen framfor huset ikkje vert nytta av andre. Kommunen skriv i avslaget at «ein må forstå reguleringsplanen i den retning at tomte er meint som eit areal som skal vere tilgjengeleg for det regulerte bustadområde i planen, og ikkje som ei sjølvstendig bustadtomt.» Slik denne plendelen er plassert er det ingen av naboane som vil nytta seg av den, og det er naturleg at den delen av vår tomt høyrer til 325.

Det vert difor feil når kommunen i sitt avslag skriv at «Arealet vil likevel endra formell karakter både fordi det tilgjengelege fellesarealet for alle bustadane vert mindre...» Området ligg ikkje slik til at det er naturleg for allmenn ferdsel, og er ikkje nytta av andre enn eigarane av 325. Det gjeld derimot den nedre delen av tomte, som er skild frå 325 og plenstykket av ein skråning.

Vi meiner også det vert feil å samanlikna dei to sakene 074/12 og denne søknaden. Den første gjeld ei ganske stor tomt med ønskje om å setja opp bustad. Denne nye gjeld ein mindre del av dette området og er eit tillegg til allereie eksisterande bustadeigedom. Det er også verdt å merka seg at det kom inn fire klagar frå naboar til søknaden om bustadtomt. Det har ikkje kome inn kommentarar frå naboar på ønsket frå 325, noko som bør visa at dette er ei heilt naturleg arealoverføring.

For Nordhordland Indremisjon



Asle Hetlebakke

-dagleg leiar-